

FORSLAG TIL HØYRING

RETNINGSLINER FOR KOMMUNAL TILSKOT TIL ADMINISTRATIV RESSURS FOR FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR I SVEIO KOMMUNE

Ordninga føreset av det blir sett av øyremerka midlar i driftsbudsjett. For å ha stabilitet for organisasjonane og tilsette, bør ordninga vere eit fast tiltak.

Tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar:

1. Kven kan søkje:

Søkker må vere representant for frivillige lag og organisasjonar som driv idretts-, fritids – og kulturtilbod, primært for barn og unge i Sveio kommune gjennom frivillige medarbeidarar. Dette kan t.d. vere eit idrettsråd og/eller ein samanslutnad som representerer for fleire barne- og ungdomsorganisasjonar. Samanslutnaden må ha minimum 300 medlemmar. Fleire barne – og ungdomsorganisasjonar kan gå saman om ein søknad om å få dekkja lønsutgifter til ein administrativ ressurs.

2. Formål:

Å legge til rette for at fleire organisasjonar har ein administrativ ressurs som fremmer aktiviteten og legg til rette for frivillig arbeid.

3. Krav:

Søkker må ha organisasjonsnummer og vere registert i [Tilskuddsportalen](#).

Søkker må leggje til rette for aktivitetstilbod for born og unge, utover det tilbodet organisasjonen gjev eigne medlemmar.

4. Kva ein kan søkje om tilskot til:

- inntil 50% av lønsutgifter (maksimalt kr 250 000) til administrativ ressurs i idrettslag og/eller idrettsråd og barne- og ungdomsorganisasjonar, som legg til rette for aktivitet for barn og unge mellom 6-19 år. Sosiale utgifter er unntatt.

-stillinga må verre minimum 50%

-tilskott kan ikkje dekke arbeidstid som blir brukt til drift av fast aktivitet i organisasjonen

-det kan berre bli ytt tilskot til ei stilling frå kvart område; idrettslag og/eller idrettsråd, barne- og ungdomsorganisasjonar

-ressursen det blir gitt tilskot til, må nyttast til å leggje til rette for aktivitet blant barn og unge busette i Sveio kommune

-arbeidstakar må stå i eit fullstendig tilsettingsforhold regulert i hht arbeidsmiljølova

Søkker må leggje ved:

1. Grunngeving for at søker treng tilskot til heile eller deler av stillinga
2. Rapport om barne- og ungdomsaktiviteten i organisasjonen året før

3. Omtale av korleis stillinga skal nyttast i arbeidet med barn og unge, og til å fremje frivillig innsats i organisasjonen.
4. Omtale av korleis organisasjonen skal leggje til rette for aktivitetstilbod for born og unge, utover det tilbodet organisasjonen gjev eigne medlemmar.

Arbeid som er direkte støtta av andre offentlege tilskotsordningar, som t.d. språkopplæring og trusopplæring, har ikkje rett til tilskot frå denne ordninga.

Søknad:

Digitalt søknadsskjema skal nyttast og sendast til postmottak@sveio.kommune.no

Søkjjer kan klage på vedtak til Sveio kommune innan tre veker etter at svaret på søknaden er mottatt.

Søknadsfristen er 1. november kvart år. Manglande dokumentasjon må ettersendast innan 15. desember.